



# Stranda kommune

## Rådmannen

Saksbehandler: Kjell Berge

### Melding om vedtak

DET KONGELIGE HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: 05/153-5

Dykkar ref.:

Arkiv: K2-F00, K3-&13

Dato: 22.03.2005

#### HØYRING - NOU 2004:18 HEILHEIT OG PLAN I SOSIAL- OG HELSETJENESTENE

Vi viser til Dykkar søknad datert . Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

#### **21.03.2005 FORMANNSKAPET**

#### **FOR-034/05 VEDTAK SAMRØYSTES:**

Stranda kommune sluttar seg til framlegget frå fleirtalet i Berntutvalet med følgjande merknader:

Vi meiner at det er positivt og føremålstenleg med ei ny, felles lov for dei kommunale sosial- og helsetenestene. I høve til tidlegare lover er den meir generell, og gjev i noko grad kommunen fullmakt til å organisere og drive tenestene ut frå lokale behov. Dette kan vere positivt, men opnar for at viktige tenester kan bli mindre vektlagt. Td. er helsestasjon, skulehelseteneste, jordmorteneste og støttekontakt ikkje nemnt i framlegg til ny lov. Vi reknar med at lova vil krevje omfattande forskrifter, der tenestemottakarane sine rettar skal finnast uavhengig av geografi og kva kommune ein bur i.

Det er positivt at brukarperspektivet er sterkt vektlagt, m.a. med eigen paragraf om samtykkekompetanse, lovkrav overfor kommunen om utarbeiding av "Individuell plan" (IP) og "Samla vedtak" for personar med behov for langvarige og koordinerte tenester. Vi støtter fleirtalet som set utarbeiding av IP som eit krav til kommunen. Viss det berre skal vere ein rett for dei som krev det, kan personar med svake ressursar falle utanfor – det er dei som mest av alt treng slik koordinering. Det må ikkje bli slik at koordinering og innhenting av opplysningar i samband med "Samla vedtak" fører med seg at vedtak og tenester blir forseinka for brukaren.

Det er positivt at det no vert journalplikt også i sosialtenesta, sjølv om dei fleste her og har hatt system for å journalføre viktige opplysningar om den enkelte tenestemottakar.

Vi støtter kravet i lova om fagleg forsvarlegheit. Dette betyr m.a. at ein i vurderingane om innhald og omfang av tenester rettar seg etter avgjerder i liknande saker frå fylkesmannen (klager og tilsyn), og tek omsyn til domstolavgjerder innanfor helse- og sosialområdet. (jfr- Fusadommen for mange år sidan).

Helse- og omsorgsdepartementet
Vedlegg 1
S.nr. 200405155- 45

Postadresse: 6201 STRANDA  
Besøksadresse: Postboks 264  
E-post: post@stranda.kommune.no

Telefon: 70 26 80 00  
Telefaks: 70 26 80 01  
Organisasjonsnr.: 964 980 098

Kommunen sluttar seg til framlegget frå fleirtalet når det gjeld klageordning – dvs. at Fylkesmannen kan prøve alle sider av ei sak.


Spørsmålet om plassering av ansvaret for økonomisk sosialhjelp må m.a. sjåast i samanheng med handsaminga av NOU 2004: 13 En ny arbeids- og velferdsforvaltning. Om det er kommunane eller staten som skal ha dette ansvaret i framtida, må vi derfor få høve til å uttale oss om seinare.

Stranda kommune forventar at endringane i den nye lova vert fullfinansiert av staten

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Ver vennleg å oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne meldinga kom fram.

Med helsing

  
Berit Furset  
sekretær